



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 19.03.2013

Vår ref.: 2013/370

Arkivnr.: 461.2

Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 Sand

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Mosvatnet reinseanlegg, Suldal kommune - Søknad om utseppsløyve – Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle lokale forhold m. v. som det bør tas omsyn til ved behandlinga av søknaden. Kommunen sin uttale sendes oss innan 8 veker. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa vert lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.

Fylkesmannen i Rogaland har motteke søknad frå Suldal kommune om løyve til utsepp av avlaupsvatn for 4 300 pe frå Mosvatn reinseanlegg i Suldal kommune, jf forureiningslova § 11 og 16. Vi viser til søknad av 08.01.2013.

Mosvatn – Gullingen området står føre ei omfattande utbygging av hytteområdet. Fullt utbygd vil området produsera kommunalt avlaupsvatn tilsvarande 4 300 pe.

Samla utsepp frå anlegget vil vera på meir enn 2000 pe til ferskvatn og det vil i følgje forureiningsforskrifta § 14-1, vera Fylkesmannen som er forureiningsmyndigheit.

Kort utgreiing om anlegget:

Type bedrift:	Mottak og reinsing av kommunalt avlaupsvatn frå Gullingen området.
Plassering:	Gnr 4, Bnr 13 i Suldal kommune
Utsleppspunkt:	Er planlagt lagt ut til ca midten av Mosvatnet ved ein av dei djupaste stadene i vatnet.
Forureiningsproduksjon:	Det er søkt om utseppa av avlaupsvatn tilsvarande 4 300 pe.
Planlagde reinsetiltak:	Anlegget skal drivast i samsvar med forureiningsforskrifta kap 14. Det vil sei sekundærreinsing
Resipient:	Mosvatnet, Suldal kommune.

Fylkesmannen sine merknader

Det eksisterte tidlegare eit reinseanlegg for dette området ved Gullingen i Suldal kommune. Det er i dag ein del hytter, samt leirskule og fjellstove i området. Planane for vidare utbygging ligg klar. Det gamle reinseanlegget brann ned i 2010. Dette var heller ikkje dimensjonert for den auken som no er planlagd.

Fylkesmannen ser positivt på at det no vert rydda opp i avlaupsforholdet i området. Av omsyn til resipienten og naturområda vil reinsekrava i eit eventuelt løyve vera strenge.

Endeleg krav til reinsing vil bli gitt i utsleppsløyve.

Utsleppsløyve vil i tillegg til reinseanlegg og omfatte leidningsnett.

Offentleg kunngjering

Fylkesmannen sørgjer for kunngjering av søknaden i Stavanger Aftenblad og Suldalsposten. Kunngjeringskostnadene skal dekkjast av søkjar. Kunngjeringsteksten følgjer dette brevet.

Utlegging til offentlig ettersyn

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Suldal kommune, Eidsvegen 7, Sand og på Fylkesmannen i Rogaland si heimeside, www.fylkesmannen.no/Rogaland under ”miljøvern” og ”høyringar”. Ei eventuell uttale til søknaden kan sendast til Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale og fylkeskommunale uttaler vert sett til 8 veker frå kunngjeringsdato.

Vi ber kommunen i same tidsrom om å henta inn nødvendige uttaler frå eigen organisasjon, så langt ein finn dette nødvendig.

Kommunen si uttale bør gi opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller ikkje er godt nok gjort greie for i søknaden og som bør tas omsyn til ved avgjerda.

Resultatet frå den kommunale behandlinga sendes deretter til Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsjef

Mariann Størksen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Mariann Størksen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 06
E-post: fmrosto@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Søknad av 08.01.2013
2. Kunngjeringstekst

Kopi utan vedlegg til:

Rogaland fylkeskommune	Sentrum Postboks 130	4001	Stavanger
Jørgen Risa	Kvestad	4230	SAND
Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Mattilsynet, Felles postmottak	Postboks 383	2381	Brumunddal
Gullingen Turistsenter AS		4230	SAND
Kvitsøy Maritime Senter AS		4180	KVITSØY
Sverre Herabakka	Herabakka	4230	SAND
Asplan Viak AS	Østervågkaien 1 A	4006	STAVANGER
Statkraft Energi Region Vest	Suldalsosen	4237	SULDALSOSEN



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Mosvatnet reinseanlegg, Suldal kommune – Kunngjering av søknad om løyve for utslepp av reinsa avlaupsvatn

Suldal kommune har i brev av 08.01.2013 søkt Fylkesmannen i Rogaland om løyve for utslepp av avlaupsvatn frå Mosvatnet reinseanlegg i Suldal kommune

Mosvatnet reinseanlegg skal ta imot og reinse kommunalt avlaupsvatn frå hytter, Gullingen leirskule og fjellstova i Mosvatn – Gullingen området.

Suldal kommune søker no om utslepp av avlaupsvatn tilsvarande 4 300 pe.

Saksdokumenta vert lagt ut til offentlig gjennomsyn i Suldal kommune, Eidsvegen 7, Sand. Dokumenta vert og lagt ut på Fylkesmannen si heimeside, (www.fylkesmannen.no/rogaland), under Miljøvern/Høyringar.

Kommentar til søknaden sendes Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59 Sentrum, 4001 Stavanger, seinast fire (4) verker etter at søknaden er kunngjort i denne avis, eller på e-post til fmropost@fylkesmannen.no